

# Til lukke med dagen!



1. mai 2024

# Rettferdig fordeling no!

Noreg har tradisjonelt vore eit land med relativt små skilnader. Dei siste tiåra har dei økonomiske forskjellane mellom folk vekse massivt. Sidan 2010 har dei 10 prosent rikaste vorte veldig mykje rikare. Samtidig veit vi at fleire og fleire har problem med å få endane til å møtast.

Ein lengre periode der matprisane har skote i vêret, straumen har vorte dyrare og renta har auka, har ført til at mange av oss må snu krona fleire gongar for å få kvardagen til å gå rundt. Stadig fleire får betalingsutfordringar, må kutte i fritidsaktivitetar for barna og får helseutfordringar på grunn av dårleg økonomi.

For dei på toppen er det annleis. Dei har råd til å pri oritere. Mange av dei har også det siste året vist at dei ikkje er villige til å bidra til fellesskapet, men heller tek med seg pengane sine utanlands.

SV kan ikkje akseptere at dei rikaste stadig sit igjen med endå meir av kaka, samtidig som det er over 100.000 born som veks opp i fattigdom i eit av dei rikaste landa i verda.

## Derfor vil SV:

- halde fram med å auke barnetrygda for alle, og innføre målretta tillegg for fleirbarnsfamiliar og familiar med einslege forsørgjarar
- innføre eit meir rettferdig skattesystem, der folk med lav og vanleg inntekt betalar mindre skatt, medan dei rikaste må bidra meir
- heve løna i lavtlønsyrke og redusere lønsforskjellane i offentleg sektor

**Sosialistisk Venstreparti**

Hagegata 22, 0653 Oslo  
21 93 33 00  
post@sv.no  
sv.no

Meld deg inn  
i SV her:

